

REFERAT FRÅ FAU-MØTE 29.10.24

Til stades: Almut Becker, Lena Bøgwald, Roy Hegre, Ingeborg Selma Kvæven, Helin Morel, John Ove Sinnes, Anders Tjørhom, Solveig Marie Ådneram, Stian Hiim (sak 1 og 2) og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Bjørg Hilde Fidjeland, Ingvild Fagerheim Skadberg og Kåre Todnem

Sak 1/2024 Kort om FAU og rådet sin funksjon

Rektor gjekk gjennom klassekontaktrolla, sjå vedlegg 1. Samarbeidet bør innehalda informasjon, dialog og medverknad, og det treng ikkje vera læraren som førebur eit foreldremøte (åleine), sjølv om det plar vera det.

Sak 2/2024: Informasjon om saker skuleåret 2023/2024 og arbeid vidare

Stian Hiim fortalde kva førre års FAU hadde arbeidd med. Dei har hatt tre (3) møte, sjå referat på heimesida, og det er mykje same saker som tidlegare som vennegrupper og innspel på handlings- og økonomiplan. Elles;

- klassekasse- ein blei ikkje samd om kor mykje/fast beløp
- fire- el. femdagars skuleveke – rapporten *Lokale konsekvenser av fire dagers skoleuke. Et studie av fire kommuner på Agder* ligg som vedlegg under FAU
- Referat på skulen si heimeside.

Bør dette arbeidast vidare med, ev. spørjeundersøking i barnehage og på småskuletrinnet?

Sak 3/2024: a) Konstituering av FAU med val

Leiar: Kåre Todnem
Nestleiar: Solveig Marie Ådneram
Sekretær: Anders Tjørhom

b) Val av tre representantar til samarbeidsutvalet (SU)

Det er bestemt i kommunen at me går bort frå eige skulemiljøutval (SMU) pga. at ein ny opplæringslov kan organisera seg annleis, og dermed går saker om fysisk- og psykisk skulemiljø inn i SU-møta. På møtet vart det stilt spørsmål om det hadde vore ein idé at ein politikar frå nedre del av dalen møtte på Sinnes og omvendt. Det er greitt å ha ein politikar som kan informera SU og som kan ta saker attende til Hovudutval for oppvekst og levekår.

Dei tre representantane med ei rolle møter i SU, med vararepresentant:

Kåre Todnem	Ingeborg Selma
Solveig Marie Ådneram	Almut Becker
Anders Tjørhom	Lena Bøgwald

Sak 4/2024: "Kort om" v/ rektor

a) [Ordensreglar](#) - pga. ny opplæringslov blir desse endra, og me har allereie fått innspel frå elevane, før dei skal ut på høyring med frist 28.11.24.

Eit forslag gjeld

§7 MOBILTELEFON OG ANNA DIGITALT UTSTYR PÅ SKULEN

Grunnskulane i Sirdal kommune er mobilfrie skular. Det inneber at mobiltelefon, smartklokke og andre private kommunikasjonsmiddel ikkje skal bli brukte i skuletida, med mindre det blir gjort særleg avtale om anna.

Elevar som har med slike kommunikasjonsmiddel, må skrua dei av, leggja dei på bestemt stad, der dei skal vera heile skuledagen.

Smartklokker skal vera i "stand-by"-modus frå skulestart og skal ikkje aktiverast før skuleslutt.

Rektor har nett lese *Skjerm barna* av Maja Lunde, og har mest blitt frelst, for forfattern meiner det må til mykje mindre skjermtid for barn og unge i dag for m.a. å gjera det betre på skulen og ulike undersøkingar.

Er det aktuelt på eit foreldremøte?! (Barnevakten viser til ho, og ho har fire føredrag (FB)). Det er aktuelt, meiner FAU.

- b) [Plan for elevane sitt skulemiljø](#) - førebygging er viktig, og at foreldre tar kontakt med skulen snarast mogleg om det skulle vera noko som er ugrent.
- c) Brukarundersøkingar
 - lokal trivselsundersøking blir sendt ut snarast
 - Elevundersøkinga blir gjennomført på skulen på 7. og 10. trinn som er obligatorisk kvart år, med frist før 29. november 2024
- d) Visma flyt skule inkl. frávær og Betre tverrfagleg innsats (BTI) vart så vidt nemnde, men BTI er oppdatert og lett tilgjengeleg på kommunen sine sider
- e) [Korleis FAU kan ta del i arbeidet med skulemiljøet](#)
Dette kan vera lurt å ta opp på møta, og ein kan ev. laga årshjul saman med skulen.

Sak 5/2024: Anna:

a) Skuletur i 10. klasse

Det har kome spørsmål knytta til gratisprinsippet i tilknytning til innsamling av midlar til skuleturar, og dette blir det ei sak på dette skuleåret. Det er ulik praksis på Sinnes og Tonstad, sidan Tonstad reiser på hausten i 10. klasse og Sinnes nyttar det som ein avslutningstur på våren rett før munnleg eksamen.

FAU synest det er viktig at elevane får vera med og bestemma, for då er dei ivrige på å samla inn pengar til reisa. Rektor ser òg verdien av å planleggja reisa frå A til Å, og å måtta ta omsyn til økonomi. Elevane har vore mykje på Malta og Rhodos, og foreldra meiner det er greitt med ein stad ein har vore før. Elevane må likevel setja seg inn i historie, kultur og ekskursjonsmål for å få turen godkjent av rektor. Det hadde vore ønskeleg med skulebesøk, men det har vore vanskeleg dei siste åra.

Det kan vera mykje arbeid å samla inn pengar, men rektor synest elevane (og foreldra) på Sinnes har vore kreative og gjort mykje forskjellig, samstundes som dei har faste aktivitetar på faste år, som kafé på lysløypekarusellen. Det kan bli litt vanskeleg når ein berre er to elevar, som i 8. klasse i år, men dei må vurderer om dei skal slå seg saman med 9. eller 7. klasse på t.d. sal på 17. mai. Dei har allereie diskutert om dei skal reisa saman med Tonstad, men dei vil reisa åleine sidan dei har gått saman i alle år. Rektor minner om at då må foreldra ta stilling til om det er OK å reisa med berre ein lærar (pga. økonomi).

"Dugnad er ikkje gratis", vart sluttreplikken.

- b) **Skulereglar** og reglar om fysisk inngripen er ei nasjonal høyring nå, og ein ynskjer å utvida situasjonar der ein kan gripe inn fysisk. Viktig at føresetnadene framleis er "rimelighet" og "alt annet er forsøkt".
- c) Ein bør diskutera dette, for nå er forslaget "Handlinger som er allment aksepterte i samhandlinga mellom vaksne og barna det har omsorg for, skal ikkje reknast

som fysiske inngrep etter denne føresegna", og då blir ei felles forståing av kva som er "allment akseptert" viktig! Dette kan vera svært individuelt, så alle nivå, dvs. foreldre, lærarar og elevar bør diskutera det, og me må koma attende til saka.

- d) Det er endeleg ei løysing på **leikeplassen**, dvs. T. Stangeland er leigde inn for å setja opp karusell, basketballkorg, ball-stativ og fuglereir-disse. Utfordringa har vore at det er endringar i kven som har ansvar for kva, og det har det tatt tid å få klart for seg. Det er flott at ting skjer, samstundes som nokre meiner at ein burde ha fått hjelp av foreldre til å flytta apparata for lenge sidan. Nå blir det arbeidd med å avklara ansvarsfordeling, byggdriftar jf. "gammal" vaktmeister, innkjøp jf. montering osv.
- e) Kva skjer med skulematen, og det rektor veit, er at fristen for innlevering av tilbod ikkje har gått ut.
- f) Nokon ynskjer at alle legg ut vekeplanar på heimesida til skulen, men har fått forklart at dette er i konflikt med personvernet. Uansett kan ein be eleven finna vekeplanen på disken, og studera planen saman.

Sinnes 14.11.24

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)